



Arkivnr: 2015/5589-6

Saksbehandlar: Roald Breistein

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

**Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnerbustad i Spania**Bakgrunn for saka:

**Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak i møte 26.3.15 sak PS 75/15 «Gjestekunstnarbustader og – ordninger knytt til Hordaland fylkeskommune»:**

«Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania.»

**På bakgrunn av dette vedtok kontrollutvalet 17.6.15 å be Deloitte gjennomføre forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging av kunstarbustad i Spania med slik føremålet:**

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil være å undersøke korleis vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania, er følgt opp. Vidare er føremålet å kartlegge og vurdere system og rutinar for iverksetting, gjennomføring og oppfølging av politiske vedtak i Kulturavdelinga.»

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

1. Korleis er vedtaka fylkesutvalssakene 222/07 og 200/11 følgt opp og kvifor er ikkje bruksavtale med stiftinga inngått?
2. I kva grad har Kulturavdelinga nytta vedtekne system og rutinar for iverksetting, gjennomføring og oppfølging av politiske vedtak?
  - a. I kva grad sikrar rutinane at føresetnader knytt til utbetaling av tilskot og liknande vert innfridd før utbetaling.
  - b. I kva grad gjev sak/arkivsystemet informasjon om restansar og status på vedtak?
3. Er det rutinar for rapportering internt i kulturavdelinga og i fylkeskommunen om oppfølging av vedtak?
4. Er det etablert rutinar for status- eller avviksrapportering til politisk nivå ?

### Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania, revisjonsrapport er levert og ligg ved. Rapporten har vore send til uttale hos Fylkesrådmannen og uttalen går fram av vedlegg 1 i rapporten.

Deloitte har i denne forvaltningsrevisjonen nytta dokumentanalyse, intervju og verifiseringsprosessar som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet sine bestillingar.

**Sekretariatet har merka seg at Deloitte m.a. konkluderer slik i punkt 5 Konklusjon og anbefalingar i rapporten:**

*«Forvaltningsrevisjonen viser at vedtaket om tildeling av tilskot til rehabilitering og innreiing av bustad i Covarrubias er følgt opp og midlane er utbetalt og nytta i samsvar med føremålet for tildelinga.*

*Føresetnader i sak 222/07 og sak 200/11 om å inngå ein samarbeidsavtale og utarbeide kriterium for utvekslingsordninga er ikkje følgt opp på ein tilfredsstillande måte, og desse føresevnadane er enno ikkje på plass. Dette inneber at bustaden, som har stått klar til bruk frå juni 2013, ikkje kjem kunstnarar i Hordaland til gode.»*

**På bakgrunn av dette har Deloitte tilrådd at Hordaland fylkeskommune set i verk følgjande tiltak:**

1. *Følgjer opp handlingsplanen som kultur- og idrettsavdelinga har lagt for å få avslutta fylkesutvalssakene 222/07 og 200/11.*
2. *Utarbeider skriftlege rutinar for administrativ oppfølging og rapportering av saker og vedtak under arbeid.*
3. *Utarbeider rutinar som sikrar at eventuelle vilkår, som må vera innfridd før utbetaling av tilskot, er innfridd.*
4. *Utarbeider skriftlege rutinar for rapportering til politisk nivå om status og avvik på saker/oppfølging av vedtak.*
5. *Utarbeider retningslinjer for registrering av fristar og anna styringsinformasjon i sak/arkivsystemet som eit ledd i å effektivisere og styrke arbeidet med oppfølging av saker.*
6. *Utarbeider krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar.*

### Konklusjon:

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. Sekretariatet meiner vidare at kontrollutvalet bør tilrå at fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga ein handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Følgje opp handlingsplanen som kultur- og idrettsavdelinga har lagt for å få avslutta fylkesutvalssakene 222/07 og 200/11.*
2. *Utarbeide skriftlege rutinar for administrativ oppfølging og rapportering av saker og vedtak under arbeid.*
3. *Utarbeide rutinar som sikrar at eventuelle vilkår, som må vera innfridd før utbetaling av tilskot, er innfridd.*
4. *Utarbeide skriftlege rutinar for rapportering til politisk nivå om status og avvik på saker/oppfølging av*

vedtak.

5. Utarbeide retningsliner for registrering av fristar og anna styringsinformasjon i sak/arkivsystemet som eit ledd i å effektivisere og styrke arbeidet med oppfølging av saker.
6. Utarbeide krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar.
7. Laga ein handlingsplan innan 1.5.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
Utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Endelig rapport vedtaksoppfølging kunstnerbustad i Spania